


2025

HALVÅRSPLAN våren 2025



## KVA ER EIN HALVÅRSPLAN?

Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i dei erfaringane og den kompetansen dei har. På bakgrunn av rammeplanen utarbeidar vi ein halvårsplan som skal spegle dei ulike fagområda frå Rammeplanen 2017. Dette gjer vi gjennom bruk av tema, mål og metodar.

Når halvårsplanen er laga er det den vi tek utgangspunkt i når vi skriv vekeplanar.

## KVA ER RAMMEPLANEN ?

Rammeplanen gir retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Målet med rammeplanen er å gi styraren, dei pedagogiske leiarane og personalet ei forplikta ramme for å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til barnehagen.

For å lette planlegginga av eit variert og allsidig pedagogisk barnehagetilbod er innhaldet delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking og læring.



## Fagområda er i rammeplan er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengde, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn



Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

Verdigrunnlaget til og formålet med barnehagen skal gi retning for og prege arbeidet med fagområda, og barna sin rett til medverknad skal ivaretakast. Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og kjekk del av kvardagen deira. Barna si interesse for fagområda skal stimulerast, og barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdset ulike uttrykk og meiningar. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innafor alle fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.

(“Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen”, 2017)

# TEMA FOR VÅREN 2025

## RAUDREVAR OG BLÅREVAR



Gjennomgående tema heile året er Matjungelen	
6-8	Fargar
9-11,17	Matjungelen - Bærekraft og naturens ressursar
12-13	FORUT
14-15	PÅSKE
18-20	17.mai
21-23	Matjungelen - Frå frø til plante
24-27	Småkryp



# MATJUNGELLEN

## - Året rundt



Matjungelen er eit aktivitetsprogram for barnehagen, der barn kan utforske ein jungel av mat og oppleve matglede i fellesskap. Barna kan leike og lære om mat som er bra for kroppen og kloden. I Matjungelen kan barn og personale utforske 5 tema:

- **Naturens ressurser**
- **Måltidsglede**
- **Matkultur**
- **Matmot**
- **Matlaging**



**Naturen sine ressurser** kan bidra til at barna får ein forståelse for korleis ein kan vere med på å ta vare på naturen. Dyrking, sanking og hausting kan vere aktivitetar for å få kjennskap til naturen sine ressurser. Saman med barna kan ein undre seg og få erfaring med kvar mat vi et kjem ifrå.

**Måltidsglede** kan handle atmosfæren i barnehagen. Rundt eit måltid kan ein ha plass til gode samtalar, undring og forteljingar. Måltidsglede kan også handle om tilhøyrgheit til fellesskapet, gode smaksopplevingar, og eit godt og variert kosthald.

**Matkultur** handlar alle dei kulturelle og tradisjonelle aspekta som er knytt til mat og måltid. Det handlar om korleis vi et, kor vi et, med kven og når vi et. Mat er sterkt knytt til identitet, religion og livssyn. Gjennom mat – og måltidsaktivitetar kan barna utvikle interesse, respekt og forståelse for likheiter og ulikheiter som finst i eit fellesskap.

**Matmot** handlar om å hjelpe barna med å verte nysgjerrige på maten. Det viktig at ein har eit positivt fokus på eksperimentering og utforsking av mat. Barna kan få tid til å smake, lukte og kjenne på maten, som kan bidra til utvikle gode matvanar og eit variert kosthald.

Gjennom **matlaging** kan barna utforske, meistre og erfare korleis vi lagar mat. Sannsynlegheita for at barna vil smake på ny mat, er større om dei har vore med å lage maten. Når barna får oppleve at matlaging er kjekt, kan det skape meir matglede og matkompetanse.

Desse fem temane går alle i kvarandre, og er alle ting som skjer i kvardagslivet i barnehagen. Dette barnehageåret skal vi ha ekstra fokus på desse, og knytte Matjungelen opp mot dei andre temane vi skal ha om. Gjennom å ha fokus på Matjungelen, kan ein også styrke barna sitt språkmiljø og auke begrepsforståelsen, ved å setje ord på mat, smakar, konsistens, formar, fargar som omgir barna under måltid, både heime og i barnehagen.

For meir informasjon og tips til aktivitetar og matoppskrifter: [www.matjungelen.no](http://www.matjungelen.no)





## TEMA: FARGAR

Veke: 6-8



Med dette temaet vil vi at barna skal få eksperimentere og kjenne på spenning og undring over ulike typar måleteknikkar og målingstypar. Barna skal få bruke fantasi, kreativ tenking og kjenne på skaparglede.

					Få kjennskap til fargesirkel. Fargeeksperiment	↑
				Få kjennskap til sekundærfargane: oransje, lilla og grønn	Få kjennskap til sekundærfargane: oransje, lilla og grønn	
		Barna skal få lage eigen farge av naturlege råvarer	Barna skal få lage eigen farge av naturlege råvarer	Barna skal få lage eigen farge av naturlege råvarer	Barna skal få lage eigen farge av naturlege råvarer	
	Utforske ulike måleteknikkar: Frukt, grønsaker, kuler, leiker osv.	Utforske ulike måleteknikkar: Frukt, grønsaker, kuler, leiker osv.	Utforske ulike måleteknikkar: Frukt, grønsaker, kuler, leiker osv.	Utforske ulike måleteknikkar: Frukt, grønsaker, kuler, leiker osv.	Utforske ulike måleteknikkar: Frukt, grønsaker, kuler, leiker osv.	
	Få kjennskap til primærfargane gul, raud og blå.	Få kjennskap til primærfargane gul, raud og blå.	Få kjennskap til primærfargane gul, raud og blå.	Få kjennskap til primærfargane gul, raud og blå.	Få kjennskap til primærfargane gul, raud og blå.	
<b>Alder</b>	<b>1-2</b>	<b>2-3</b>	<b>3-4</b>	<b>4-5</b>	<b>5-6</b>	<b>MÅL</b>

### METODE RAUDREVAR

- Lage eit fellesbilde med ulike måleteknikkar
- Ansiktsmåling
- Blande fargar
- Song, eventyr og bevegelses dans
- Mat av regnbuen (Matjungelen.no)
- Ebbe Nebb

«Gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet kreativ tenking og skaparglede» (Rammeplanen. 2017, s. 51).

### METODE BLÅREVAR

- Lage eit fellesbilde med ulike måleteknikkar
- Bilder og plansjar
- Ansiktsmåling
- Utforske ulike møteteknikkar og blande farger
- Song, eventyr og regelleik
- Mat av regnbuen (Matjungelene.no)
- Eksperimentere med farger



# TEMA : MATJUNGELEN

## Bærekraft og naturens ressurser

Veke: 9-11 & 17



«I denne perioden utforskar vi temaet naturens ressurser og bærekraftig barnehage. Vi blir kjent med naturen og nærmiljøet rundt barnehagen, og utforsker hva råvarer som spirer og gror i vinduskarmen om våren. Gjennom opplevelser, erfaringer og kunnskap skal barna utvikle respekt for naturen og få en forståelse for hvordan de kan ivareta både mennesker, natur og kloden» (matjungelen.no).



				Erfare korleis sløye og tilbrede et måltid med fisk		
			Få erfare kva råvarer som spirer og gror på våren	Få erfare kva råvarer som spirar og gror på våren		
		Barna skal få erfaring med kvifor og korleis vi kildesorterer (plast, metall, matavfall og restavfall)	Barna skal få erfaring med kvifor og korleis vi kildesorterer (plast, metall, matavfall og restavfall)	Barna skal få erfaring med kvifor og korleis vi kildesorterer (plast, metall, matavfall og restavfall)		
	Barna skal få kjennskap kva som høyrer til i havet og ikkje ( fisk, plast/ søppel mm.)	Barna skal få kjennskap kva som høyrer til i havet og ikkje ( fisk, plast/ søppel mm.)	Barna skal få kjennskap kva som høyrer til i havet og ikkje ( fisk, plast/ søppel mm.)	Barna skal få kjennskap kva som høyrer til i havet og ikkje ( fisk, plast/ søppel mm.)		
Få erfare, oppleve og følge med på prosessen med å dyrke tomat- og paprika plante.	Få erfare, oppleve og følge med på prosessen med å dyrke tomat- og paprika plante.	Få erfare, oppleve og følge med på prosessen med å dyrke tomat- og paprika plante.	Få erfare, oppleve og følge med på prosessen med å dyrke tomat- og paprika plante.	Få erfare, oppleve og følge med på prosessen med å dyrke tomat- og paprika plante.		
Alder	1-2	2-3	3-4	4-5	5-6	MÅL

### METODE RAUDREVAR

- Matlaging
- Matmot
- Sjå kvar maten kjem frå
- Samlingsstunder
- Sansing og smaking av matvarer
- Song og forteljingar
- Plansjar
- Forming
- Turar i nærmiljøet
- Rolleik «fisketur» inne

### METODE BLÅREVAR

- Matlaging
- Matmot
- Samlingsstunder
- Sjå kvar maten kjem frå
- Eventyr, song og musikk
- Turar i nærområdet
- Plansjar
- Forming
- IKT: Blekkulf
- Rolleik bl.a «fisketur» inn

“Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til naturen og bærekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen” ( Rammepleanen, 2017, s.52)

# TEMA: FORUT

Veke: 12-13



Et pedagogisk opplegg for barnehagar, barneskular og SFO, der barn i Norge lærer om barn i andre land. I år møter vi igjen seksåringen Hamphless frå Malawi, som vi vart kjend med i fjorårets Forutaksjon. Vi skal verte meir kjend med familien hans, sjiraffen Suala og landet dei bur i. Vi avsluttar temaet med ein innsamlingsaksjon til Forut sitt arbeid for

					Planlegge og gjennomføre FORUT aksjon i barnehagen	↑
				Få ei forståing av at det finst ulike måtar å leve på.	Få ei forståing av at det finst ulike måtar å leve på.	
			Verte kjent med Hamphless	Verte kjent med Hamphless	Verte kjent med Hamphless	
	Bli kjent med forteljinga om Monki og Suala	Bli kjent med forteljinga om Monki og Suala	Bli kjent med forteljinga om Monki og Suala	Bli kjent med forteljinga om Monki og Suala	Bli kjent med forteljinga om Monki og Suala	
	Bli kjent med songane i årets forutaksjon	Bli kjent med songane i årets forutaksjon				
Alder	1-2	2-3	3-4	4-5	5-6	MÅL

## METODE RAUDREVAR

- Vi brukar det ferdig utvikla pedagogiske opplegget vi får tilsendt frå FORUT
- Bilete og plansjar frå FORUT
- Lage / smake mat frå Malawi og frå dei ulike kulturane som er representert i barnehagen.
- Instrument og song
- Forming
- Samling med fokus på FORUT oppimot vennskap og det å hjelpe dei som ikkje har det like bra som oss

## METODE BLÅREVAR

- Vi brukar det ferdig utvikla pedagogiske opplegget vi får tilsendt frå FORUT
- Bilete og plansjar frå FORUT
- Lage / smake mat frå Malawi og frå dei ulike kulturane som er representert i barnehagen.
- Instrument og song
- Forming
- Samling med fokus på FORUT oppimot vennskap og det å hjelpe dei som ikkje har det like bra som oss

*«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på» (Rammeplanen, s.9, 2017).*



# TEMA : PÅSKE

## Veke: 14-15



Påske i Norge betyr som regel påskeferie, sol, ski, kvikklunsj og kos både heime og på tur. Vi nyt dei siste vinterdagane og at våren er på veg.

Påska er også den eldste kristne høgtida. Kvar dag, frå palmesøndag til 1.påskedag, er viktig på sin måte. Saman fortel dei ulike dagane historia om kva som skjedde i Jerusalem for ca. 2000 år sidan.

				Barna skal få erfare å lage si eiga påskeforteljing	↑
			Barna skal få kjennskap til korleis og kvifor vi feirar påske i Norge.	Barna skal få kjennskap til korleis og kvifor vi feirar påske i Norge.	
		Få kjennskap til kva som skjedde på palmesøndag, skjærtorsdag, langfredag og påskedag.	Få kjennskap til kva som skjedde på palmesøndag, skjærtorsdag, langfredag og påskedag.	Få kjennskap til kva som skjedde på palmesøndag, skjærtorsdag, langfredag og påskedag.	
	Bli kjent med norske påsketradisjonar (Kvikklunsj, ski, fjellet og appelsin)	Bli kjent med norske påsketradisjonar (Kvikklunsj, ski, fjellet og appelsin)	Bli kjent med norske påsketradisjonar (Kvikklunsj, ski, fjellet og appelsin)	Bli kjent med norske påsketradisjonar (Kvikklunsj, ski, fjellet og appelsin)	
	Få kjennskap til dei ulike omgrepa: Hare, egg og kylling	Få kjennskap til dei ulike omgrepa: Hare, egg og kylling	Få kjennskap til dei ulike omgrepa: Hare, egg og kylling	Få kjennskap til dei ulike omgrepa: Hare, egg og kylling	
<b>Alder</b>	<b>1-2</b>	<b>2-3</b>	<b>3-4</b>	<b>4-5</b>	<b>5-6</b>
					<b>MÅL</b>

### METODE RAUDREVAR:

- Temaplansjar
- Historie og forteljingar
- Påskeeggjakt og turbingo
- Forming
- Samlingar og fellessamling
- Song og musikk
- Matlaging/ Matjungelen
- Snakkepakken
- Turar i nærmiljøet

### METODE BLÅREVAR:

- Temaplansjar
- Historie og forteljing
- Påskerebus og påskeeggjakt
- Forming
- Samling og fellessamling
- Song og musikk
- Matlaging / Matjungelen
- Snakkepakken
- Turar i nærmiljøet

*“Personalet skal gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven” (Rammeplanen, 2017, s 55).*

# TEMA: 17.MAI

Veke : 18-20



Sidan 1814 har vi feira at 17.mai er Noreg sin grunnlovsdag. Ein kallar det ofte Noreg sin bursdag, og at det er barnas dag. Gjennom dette temaet skal barna få kjennskap til kvifor vi feirar 17.mai, kulturelle tradisjonar knytt til feiringa, få kjennskap til Noreg sitt flagg og nasjonalsongen «Ja, vi elsker».



				Få kjennskap til kvifor vi feirar 17.mai (tradisjon og kulturformidling)	Få kjennskap til kvifor vi feirar 17.mai (tradisjon og kulturformidling)	Få kjennskap til kva ein russ er	↑
			Få erfare ulike tradisjonar knytt til 17.mai (sekkeløp, potetløp, pølsebod, gå i tog)	Få erfare ulike tradisjonar knytt til 17.mai (sekkeløp, potetløp, pølsebod, gå i tog)	Få erfare ulike tradisjonar knytt til 17.mai (sekkeløp, potetløp, pølsebod, gå i tog)		
		Få kjennskap til 1.vers i nasjonalsongen	Få kjennskap til 1.vers i nasjonalsongen	Få kjennskap til 1.vers i nasjonalsongen	Få kjennskap til 1.vers i nasjonalsongen		
	Få kjennskap til fargane i det norske flagget (raudt, kvitt og blått)	Få kjennskap til fargane i det norske flagget (raudt, kvitt og blått)	Få kjennskap til fargane i det norske flagget (raudt, kvitt og blått)	Få kjennskap til fargane i det norske flagget (raudt, kvitt og blått)	Få kjennskap til fargane i det norske flagget (raudt, kvitt og blått)		
<b>Alder</b>	<b>1-2</b>	<b>2-3</b>	<b>3-4</b>	<b>4-5</b>	<b>5-6</b>	<b>MÅL</b>	

## METODE RAUDREVAR

- Temaplansjar
- Songar og instrument
- Samling og fellessamling
- Turar i nærmiljøet
- Øve på å gå i 17.mai – tog
- Forming
- Matlaging
- Forteljingar knytt til temaet

## METODE BLÅREVAR

- Temaplansjar
- Song og instrument
- Samling og fellessamling
- Turar i nærmiljøet
- Øve på å gå i (17.Mai) tog
- Forming
- Matlaging
- Bøker knytt
- Feire og pyr barnehagen

“Personalet skal gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven” ( Rammeplanen, 2017, s. 55).



# TEMA: MATJUNGELLEN



## - Frå frø til plante

### Veke: 21-23

Under dette temaet i matjungelen, skal barna få erfaring med å prosessen frå frø til plante. Dyrking er ein fin måte å vise barna samanhengen mellom naturen og maten vi et. Det kan vere ein spennande prosess med mykje undring og rom for samtale mellom barna, og mellom barn og vaksne. Barna kan få kjenne på frøa, ha det i jorda, og kan få følgje prosessen til ferdig grønnsak eller krydderplante. Kva må ein gjere for å passe på at frøa ein har planta i jorda skal vekse og trivast?



				Planlegge og lage ein matrett av mat vi kan dyrke sjølv		
			Lære å ta vare på det ein har sådd (vere gartner)	Lære å ta vare på det ein har sådd (vere gartner)		
		Barna skal få så grønnsaker. Til dømes gulrot, salat, reddik og sukkererter	Barna skal få så grønnsaker. Til dømes gulrot, salat, reddik og sukkererter	Barna skal få så grønnsaker. Til dømes gulrot, salat, reddik og sukkererter		
	Få oppleve prosessen «når gresset gror»	Få oppleve prosessen «når gresset gror»	Få oppleve prosessen «når gresset gror»	Få oppleve prosessen «når gresset gror»		
	Sanseoppleving med våt / tørr sand og jord	Sanseoppleving med våt / tørr sand og jord	Sanseoppleving med våt / tørr sand og jord	Sanseoppleving med våt / tørr sand og jord		
Alder	1-2	2-3	3-4	4-5	5-6	MÅL

#### METODE RAUDREVAR

- Turar i nærmiljøet
- Samling
- Forming
- Song og musikk
- Ulike sanseaktivitetar
- Matlaging:
  - Ulike smaksopplevingar

#### METODE BLÅREVAR

- Turar i nærmiljøet
- Passe på pallekarmene i grønnsakshagen vår
- Samling
- Forming
- Song og musikk
- Ikt: Kråkeklubben, , plantepatroljen
- Så ulike grønnsaker inne og ute
- Matlaging:
  - Ulike smaksopplevingar

«Personalet skal leggje til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforskning og læring», «barna får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling(..) og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen» (Rammeplanen, 2017, s.



# TEMA: SMÅKRYP

## VEKE: 24-27



Gjennom temaet småkryp skal barna bli kjent med meitemark, maur og edderkopp, og korleis desse har det i naturen. Vi skal vere mykje ute, både i barnehage og i nærmiljøet, der vi skal utforske å bruke forstørrelsesglasa våre å sjå om vi finn dei ulike småkrypa. Vi skal lære å vise respekt for naturen og dyra i den.



					Barna skal få oppleve undring, mestring og spenning rundt å lage eit terrarium	
				Studere ei maurtue over tid	Studere ei maurtue over tid	
		Få kjennskap til kvar og korleis småkrypa lev i naturen	Få kjennskap til kvar og korleis småkrypa lev i naturen	Få kjennskap til kvar og korleis småkrypa lev i naturen	Få kjennskap til kvar og korleis småkrypa lev i naturen	
	Få kjennskap til kvar og korleis småkrypa lev i naturen	Få kjennskap til kvar og korleis småkrypa lev i naturen	Få kjennskap til kvar og korleis småkrypa lev i naturen	Få kjennskap til kvar og korleis småkrypa lev i naturen	Få kjennskap til kvar og korleis småkrypa lev i naturen	
Få kjennskap til maur, meitemark og edderkopp	Få kjennskap til maur, meitemark og edderkopp	Få kjennskap til maur, meitemark og edderkopp	Få kjennskap til maur, meitemark og edderkopp	Få kjennskap til maur, meitemark og edderkopp	Få kjennskap til maur, meitemark og edderkopp	
<b>Alder</b>	<b>1-2</b>	<b>2-3</b>	<b>3-4</b>	<b>4-5</b>	<b>5-6</b>	<b>MÅL</b>

### METODE RAUDREVAR

- Turbingo
- Turar i nærmiljøet med forstørrelsesglass
- Bøker og plansjer med tema
- IKT: Kråkeklubben
- Forming
- Samlingsstund
- Song og musikk

### METODE BLÅREVAR

- Turbingo
- Turar i nærmiljøet med forstørrelsesglass
- Lage terrarium med meitemark
- Forming
- Småkryp «jakt»
- Fakta bøker og plansjar om tema
- IKT: Kråkeklubben, fotografere prosesser i naturen
- Samlingsstund

*Barna skal få naturopplevingar og bli kjende med mangfaldet i naturen (..) Barna skal få erfaring med å gi omsorg og ta vare på omgivnadene og naturen (Rammeplanen, 2017 s.10-11).*

# SPRÅKMILJØ I BARNEHAGEN

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening.

Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling (Rammeplanen, 2017 s.23).

## Aktivitetar som styrkar barns språkutvikling:

- Gode samtaler
- Rim og regler, dikt og song
- Forteljing , høgtlesing og dialogisk lesing
- Leik
- Utforsking av skriftspråket



## Språkmiljø :

Språkmiljøet i barnehagen er avhengig av eit kompetent personale, med gode haldningar og som har interesse for språkutvikling til kvar einiskild barn.

## Kva kjenneteikne eit godt språkmiljø?

- Å lytte med merksemd og interesse
- Invitere barna med i samtale med opne spørsmål
- Oppmuntre barna til å delta og lytte til andre under lesestund
- Ha bilete/symbol lett tilgjengeleg på avdelinga og i løpet av barnehage kvardagen.

## ASK :

Å kommunisere på andre måtar enn gjennom talespråk kallast alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). I barnehagekvardagen brukar vi ASK som ei støtte til språket for alle barna i barnehagen. Barnet får presentert ordet visuelt ved at ein brukar og har bilete/symbol tilgjengeleg gjennom barnehagekvardagen, og den vaksne formidlar ordet verbalt. Barnet får moglegheit til å formidle ved hjelp av peiking på bilete/symbolet, dette kan bidra til mindre frustrasjon i kvardagen.



Personalet går rundt med «sneller» med bilder på.

*«Dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine egne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn.» (Rammeplan, 2017, s.27).*

## VENNSKAP OG FELLESSKAP

«Foreldre og voksne er de viktigaste personane for å bidra til inkludering blant barna, bygge vennskap og dermed stoppe mobbing.» (Redd Barna)



«Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og voksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å mestre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov» ( Rammeplanen 2017 s. 22-23).

I vår barnehage skal barna få oppleve og vere ein del av eit fellesskap, der vennskap og sosiale relasjonar står i høgsete. For å få eit godt miljø i barnehagen er det viktig at barna lærer seg å ta imot beskjeder og lytte. Vi skal legge til rette slik at dei øver seg på å lytte til dei voksne, men like viktig er det å lytte til kvarandre. Dette kan blant anna bidra til å redusere mobbing (Mitt Valg s. 60). Vi i barnehagen er opptatt av å sjå kvar enkelt, å bidra til at barna får ein forståing av kva det vil seie å vere ein god venn. Vi skal legge til rette for at dei lære seg å akseptere kvarandre, vise empati og gi dei ei forståing for at alle er forskjellige, men like viktige. I Helstad barnehage har vi som mål at ingen skal føle seg aleine eller satt til side.

«Foreldre er barnas viktigaste rollemodell. Korleis vi snakka saman heime, er med på å forme barnas oppfatning av kva som er greitt og ikkje greitt. Forsøk å spørje og gå djupare for å forstå kva som eigentleg har skjedd. Ikkje snakk negativt om andre barn eller om foreldra deira.»

<https://www.reddbarna.no/vart-arbeid/barn-i-norge/foreldretips/foreldretips-om-vennskap/>

## LEIKEN

Gjennom leiken oppnår barn humor og glede, sosiale tilknytningar og relasjonar til andre barn.



Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur.

Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling, der vi i barnehagen skal inspirere og gi rom for ulike typar leik, både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre. Personalet i barnehagen skal vere med på å fremje eit inkluderande miljø der alle barn kan delta i leik og erfare glede i leik (Rammeplanen, 2017, s. 20).

- Leiken er lystbetont, frivillig, spontan og ikkje målretta.
- Leik er for barnet "på liksom", den ligg utanfor den verkelege verda.
- Leik inneber spenning.
- Leik er førebuing til vaksen alder.
- Gjennom leik skaffar barn seg erfaringar og gjer seg kjent med omgivnadane.

Barn i barnehagen skal i følge Rammeplanen oppleve trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt. Dei skal få oppleve, vurdere og meistre risikofylt leik gjennom kropslege utfordringar.

Personalet i barnehagen skal gi barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kropsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet. Igjennom dette skal barna få vidareutviklar motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar. (Rammeplanen, 2017, s. 49-50)



## Ulike typar leik:

- Sansemotorisk leik/ funksjonsleik, frå 0 år.
- Rørsleleik/ tumleleik, frå ca. 1 år.
- Samleik/ parallelleik, frå ca. 1,5 år.
  
- Symbolleik, frå ca. 2 år - 4 år.
- Regelleik, frå ca. 3 år
- Rolleleik, frå ca. 3 år.
- Fantasileik
- Konstruksjonsleik, frå ca. 3 år.



Gjennom leik lærer barnet seg sjølv å kjenne, og utviklar tillit og respekt i forhold til seg sjølv og kva det er i stand til å meistre av utfordringar.

